

Hummar på Kvitsøy

Havforskinginstituttet er involvert i ei rekkje prosjekt med samarbeid både nasjonalt og internasjonalt. Hovudaktiviteten er lagt til Kvitsøy der det er eit nært samarbeid med Kvitsøy kommune og fiskerisjefen i Rogaland. Registreringane av gjenfanga hummar i det lokale fisket har vore følgt opp på same måte som tidlegare år. Prosenten av gjenfangst for dei årsklassene som blei sett ut i perioden 1990 til 1994 kryp stadig oppover. I vårsesongen 1999 representerte utsett hummar 26 prosent av alle fangstane, mens innslaget i haustfisket var på 51prosent. Prøver av hummar under minstemålet på 25 cm synte at utsett hummar utgjer 68 prosent. Utsetjingane vil såleis spele ei stor rolle i fangstane på Kvitsøy i åra framover og syner at endelege tal på gjenfangst vil ta tid. Dei mellombels tala på gjenfangst syner eit snitt på omlag 5 prosent for alle gruppene, medan den beste årsklassen ligg like under 10 prosent. På Kvitsøy vert det og arbeid med meir forvaltningsmessige tiltak, der freding av rognhummar står sentralt. Som ei prøveordning vert rognhummar kjøpt opp i fisket. Han blir halden i hummarpark, og blir merka og sett ut att etter at fisket er avslutta. Ein del av rognhummaren blir brukt som stamdyr i Kvitsøy hummarklekkeri. Instituttet er også involvert i genetiske undersøkingar på hummar der det blir brukt mikrosatelitt DNA analyser. Her er det eit samarbeid med Queens University i Belfast som har utviklet over 50 såkalla "primer sett" til storskala analyser av hummar. Disse skal nyttast i EU-prosjektet MGenetics of European Lobster der bestandstrukturen til hummar no blir undersøkt i hele utbreiingsområdet (inkludert Middelhavet). Innanfor dette prosjektet skal det gjerast fleire eksperiment på Kvitsøy. Innleiande forsøk har vist overraskande høg overleving og vekst i de forsøkeiningane som hittil har vore utprøvd.